



Notat

Dato: 05.12.2014
Arkivsak: 2014/21925-9
Saksbehandlar: gunradd

Til: Hanne Kathrin Vie

Frå: Gunhild Raddum

Fråsegn til kommuneplan Voss kommune

Voss kommune ligg sentralt i Hordaland og er eit viktig knutepunkt både for trafikken mellom aust og vest, samt regionalt og lokalt. Dette gjeld både for reiser langs veg og jernbane. Reiselivet er også avhengig av at Voss fungerer som knutepunkt der infrastruktur og kollektivtilbod gjer at dei reisande enkelt kan byte skyssmiddel. Knutepunktet ved Voss stasjon er under utvikling, og det er viktig å sjå dette området i samanheng med resten av sentrum. Det må sikrast gode og trafikksikre tilkomstveggar mellom sentrum og stasjonsområdet, ikkje minst for dei mjuke trafikantane. I planforslaget til ny kommuneplan kjem det fram at kommune vil arbeide for sykkel-løysingar, og det er utarbeid eit planutkast for hovudnett på sykkel i Voss sentrum. Fylkeskommunen vil oppmode til å arbeide vidare med gode sykkelløysingar og ambisjonane om å få fleire på sykkel. Det er ikkje å anbefale å lage kombinerte gang- og sykkelvegar. Desse trafikantgruppene bør skiljast dersom det er mogleg. Kommunen bør og sjå sykkelsatsinga i samanheng med utarbeiding av ny parkeringspolitikk i sentrum. Til dømes kan kommunen vedta kor stor del av eit parkeringsareal som skal settast av til sykkelparkering.

Kollektivtilbodet lokalt og regionalt vil ha stor betydning for dei reisande. Fylkeskommunen vil oppmode kommunen til å vurdere aktuelle kollektivløysingar i planlegginga av nye bustadområder og vere i dialog med Skyss kring dette. Til dømes må utviklinga av bu- og næringsverksemd på eit så stort område som Bømoen vere avhengig av gode kollektivløysingar. For fylkeskommunen/Skyss er det ein fordel at kommunen har vurdert kva kollektivløysingar ein ser føre seg når nye områder vert regulert til bustad og/eller næring. Vidare vil val av linje på ein framtidig jernbanestrekning for Bergen – Voss ha innverknad på kollektivtilbodet for busette på Evanger og Bolstadøyri. Kommunen sine betraktningar og innspel i planprosessen vil også her kunne gje føringar for kollektivtilbodet i kommunen.

